

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: tysdag 21. mai 2019
Tid: kl. 18.00
Sted: Tysvær rådhus, kantinen

Forfall meldes til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller tlf. 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil bli lagt ut på kommunen si nettside www.tysver.kommune.no og på www.kontrollutvalgene.no

Rådmannen er invitert i sakene 6-9/19 og 11/19.

Saksliste:

- 5/19 Godkjenning av protokoll fra møtet 19.02.19
- 6/19 Forvaltningsrevisjonsrapport «Kostnad og ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene»
- 7/19 Uttale om Tysvær kommune sin årsrekneskap 2018
- 8/19 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Økonomistyring»
- 9/19 Oppfølging av forvaltn.rev.rapport «Investeringar – avgjersgrunnlag og styring»
- 10/19 Revisjonsavtalen – bruk av opsjon eller ny anbodsrunde
- 11/19 Referat- og orienteringssaker 21.05.19

Eventuelt

Aksdal, 14.05.19

Arne Gjerde (sign.)
utvalsleiar

Toril Hallsjø
Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert/kalla inn)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	21.05.19	5/19
Saksansvarleg: Toril Hallsjø	Arkivkode: 033	Arkivsak:

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 19.02.19

Vedlegg: Protokoll fra møtet 19.02.19

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 19.02.19 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar vil så signere protokollen.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 19.02.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 14.05.19

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar/utvalssekreterær

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **19. februar 2019** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Arne Gjerde.

MØTESTAD:	Tysvær rådhus, kantina
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 19.45
MØTANDE MEDLEMMER:	Arne Gjerde (H), Øyvind Hellerslien (FrP), Åse Paulsen (A) og Karsten A. Larsen (FrP)
MØTANDE VARAMEDLEM:	1. varamedlem Marit Hølland Gjedrem (SP)
FORFALL:	Wenche Hellesund (V)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland, KPMG AS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Sigurd Eikje Teknisk sjef Bjørn Bruaset i sak 2/19
MERKNADER TIL INNKALLING	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 06.11.18

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 06.11.18 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 19.02.19:

Utvælet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 19.02.19:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 06.11.18 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 2/19 KOMMUNEN SI HANDTERING AV AVFALLSAKER – GENERELT OG I EI KONKRET SAK

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar rådmannen si utgriing, dagsett 04.02.19 og orientering i møtet om kommunen si handtering av avfallsaker generelt og om konkret avfallsak på Odland industriområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 19.02.19:

Utvalsleiar innleia. Teknisk sjef orienterte først om lovverket og så om konkret sak. Han viste til at kommunen dei siste åra har hatt miljøvernleiar i full stilling. Kommunen er avhengig av tips og desse kan vere anonyme. Dei prøver først å komme i dialog, men har sanksjonsmynde etter forureiningslova. Dei har fått betre rutinar, som også er skrivne ned, knytte til bål-brenning av avfall og spreiing av gjødsel utanom sesong. Slikt blir meldt og politiet har gjeve bot der det ligg føre klare bevis.

I den konkrete saka ville teknisk sjef i dag ha gått direkte på grunneigar, som er han som har ansvaret, ikkje leigetakar. Dei har fått laga eit juridisk notat om dette og vil følgje opp saka. Han var samd i at det hadde gått svært lang tid, mellom anna pga. rådet om å søke Miljødirektoratet om midlar og at saka kunne vore handtert på ein betre måte.

Utvalet kom med spørsmål om oppsamling av bilvrak og anna skrot. Rådmannen nemnte døme frå nabokommunane, men viste til at den sterke eigedomsretten i Noreg går føre omsynet til visuell forsøpling og bygningsmessig forfall. Kommunen kan berre gripe inn ved fare for liv og helse. Ved spørsmål om oppfølging av saker blei det vist til at dei blei registrert i sak/arkivsystem på dei aktuelle eigedommane.

Utvalsleiar reagerte på at saka var unntatt offentlegheit og på lukking av møtet i teknisk styre. Hovudregelen er at møta er offentlege, og det må visast til særleg lovheimel med rett nr. i kommunelova § 31. Han viste også til Forvaltningslova § 13A nr. 3 som seier at teieplikta etter § 13 ikkje er til «*hinder for at opplysingene brukes når ingen berettiget interesse tilslier at de holdes hemmelig, f.eks. når de er alminnelig kjent eller alminnelig tilgjengelig andre steder.*» Teknisk sjef og rådmannen framheva at opplæring innan dette regelverk var særskilt viktig. Utvalsleiar gjorde framlegg om nytt punkt 2 til innstillinga. Utvalet støtta hans framlegg.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 19.02.19:

1. *Tysvær kontrollutval tar rådmannen si utgriing, dagsett 04.02.19 og orientering i møtet om kommunen si handtering av avfallsaker generelt og om konkret avfallsak på Odland industriområde til orientering.*
2. *Kontrollutvalet viser elles til Sivilombudsmannen si utgriing av 07.11.18 under referatsaker vedr. saksbehandlingsreglar i samband med lukking av kommunale møte, og ser det som sjølvsagt at nemnde saksbehandlingsreglar for folkevalde blir følgde.*

SAK 3 /19 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2018

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval godkjenner årsmelding for 2018.

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2018 fra kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 19.02.19:

Sekretær gjorde merksam på at etter utsending var det gjort rettingar under pkt. 3 og 5. Rette rekneskapstall var lagt inn og utvalsleiar si deltaking i Sandnes var tatt ut. Utvalet slutta seg til innhaldet, slik det no var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 19.02.19:

Tysvær kontrollutval godkjenner årsmelding for 2018.

og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2018 fra kontrollutvalet til orientering.

SAK 4/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 19.02.19

1. Statusrapport pr. februar 2019
2. Orientering v/rådmann om Tiltaksplan etter rapport – «Internkontroll av barnevern-tjenesten og samarbeidende tjenester i TK» - sak til KST 12.02.19, sak 5/19
3. Orientering v/revisor – status for forvaltningsrevisjonsprosjektet innan pleie og omsorg
4. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2018
5. Årsrapport og skatterekneskap 2018 - skatteoppkrevjaren i Tysvær kommune
6. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2019
7. HIM IKS – protokoll frå representantskapsmøtet 28.11.18
8. Haugaland Brann og redning IKS – protokoll frå representantskapsmøtet 28.11.18
9. Karmsund Havn IKS – protokoll frå eigarmøtet 28.11.18
10. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøtet 21.12.18
11. Haugaland Kraft AS– protokoll frå representantskapsmøtet 21.01.19
12. Sivilombudsmannen om lukking av møter i kontrollutval
13. Tilbakemelding frå Haustkonferansen i Sandnes 22.11.18 v/Gjerde
14. Tilbakemelding frå Kontrollutvalskonferansen 30.-31.01.19 på Gardermoen v/Paulsen
15. Revisjonsavtalen – bruk av opsjon eller ny anbudsrende – til uttale – frist 01.04.19
16. Kommunal rapport -31.01.19 – «Forvaltningsrevisjon utvikler lokaldemokrati»
17. Rapport frå FM tilsyn - samfunnstryggleik og beredskap i Tysvær kommune des.2018
18. Skatteetaten – kontrollrapport 2018 vedk. skattekrevjaren for Tysvær kommune

Handsaming i kontrollutvalet 19.02.19:

Kontrollrapport frå skattetaten var sendt ut i forkant, og utvalet slutta seg til at den blei tatt inn som nr 18.

Rådmannen viste til ekspertgruppa si rapport om barnevernet og orienterte om den politiske handsaminga av tiltaksplanen. Det hadde vore størst debatt i formannskapet, som resulterte i to nye punkt og oversendingsframlegg. Formannskapets si innstilling i kommunestyret 12.02.19. Planen skal no følgjast opp, og han meinte dei var på rett veg til å bli betre. Utvalet meinte det var bra med korte fristar, og at det hadde kome noko bra ut av det heile.

Sekretær gjorde greie for dei andre sakerne. Paulsen orienterte frå NKRF-konferansen, som også denne gongen hadde vore lærerik og interessant. Igjen var det journalister som var invitert til å fortelje om sine saker, slik som Tolga-saka og Boligbygg-skandalen i Oslo.

Rådmannen kunne opplyse at ekstrainntektene frå havbruksfondet er vurdert øyremerka til betre mobil- og breibanddekning. Kommunen var no ferdig med kartlegging og vil gå ut å be om tilbod. Dette var viktig å få på plass av omsyn til beredskap og kommande demografiutfordring.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 19.02.19:

Kontrollutvalet tar referatsakene 1 - 18 til orientering.

EVENTUELTT

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: tysdag 21. mai 2019, kl. 18.00

Førebels saker: årsrekneskapen 2018, forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet og ressurs-effektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene», oppfølging av rapport «Økonomistyring» og rapport »Investeringar – avgjerdsgrunnlag og styring» og revisjonsavtalen – bruk av opsjon eller ny anbodsrende.

Aksdal, 19. februar 2019

Arne Gjerde (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekreter

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	21.05.19	6/19
Kommunestyret	18.06.19	
Saksansvarleg: Toril Hallsjø	Arkivkode: 216	Arkivsak:

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT - «KVALITET OG RESSURSEFFEKTIVITET INNANFOR PLEIE – OG OMSORGSTENESTENE »

Vedlegg: Forvaltningsrevisjonsrapport – Tysvær kommune – utarbeida av KPMG AS, mai 2019
(eige hefte og lagt bak i sakskart)

Bakgrunn

I møtet 04.09.18, sak 20/18 bad kontrollutvalet KPMG om å legge fram utkast til prosjektmandat på eit forvaltningsprosjekt til neste møtet. Valt tema er tatt inn i Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 som prosjekt nr 3. Planen blei vedteken av kommunestyret i møtet 1.06.16, sak 40/16.

Kontrollutvalet godkjente prosjektplanen i møtet 06.11.18, sak 25/18. Ramma blei sett til 250 timer og rapport skulle vere klår i april.

Mandat

Formålet med forvaltningsrevisjonen er å kartlegge og vurdere kvaliteten og ressurs-effektiviteten innanfor pleie- og omsorgstenestene. Forvaltningsrevisjonen vil vere avgrensa til å omfatte tenestene som ytast i eldreomsorga.

Revisjonen skulle sjå nærmare på velferdsteknologi, tildeling av tenester samt kommunen sitt mottak av utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetestenesta og det kommunale øyeblikkeleg hjelp døgntilbud (KØHD). Forvaltningsrevisjonen vil dermed rette seg mot aktivitetsområdet *aktivitet og omsorg*, der pleie- og omsorgstenestene er organisert.

Forvaltningsrevisjonen er forbettingsorientert og vil også ha som føremål å gje tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekker avvik eller mogelege forbettingsområde.

Problemstillingar

Forvaltningsrevisjonen har hatt fylgjande problemstillingar:

1) Område 1: Velferdsteknologi

a. Korleis nyttar Tysvær kommune velferdsteknologi som eit hjelpemiddel i pleie- og omsorgstenestene?

i. Kva legger kommunen i omgrepet velferdsteknologi?

- ii. *Kva utgreiingar/planar har kommunen knytt til velferdsteknologi?*
 - iii. *Korleis brukar kommunen velferdsteknologi i pleie og omsorgstenestene?*
 - iv. *Kva erfaringar har kommunen med bruk av velferdsteknologi?*
 - b. ***Kva har kommunen gjort for å skape forståing av kva velferdsteknologi er og kvifor det er/blir nødvendig å ta denne i bruk?***

2) Område 2: Ressurseffektivitet og kvalitet. I kva grad er kommunen si tildeling av tenester i samsvar med kommunen sine eigne rutinar og BEON-prinsippet?

 - a. *Kven er involvert i å tildele tenester og kva prosedyrar er etablert kring tildelinga av sjukeheimsplasser?*
 - b. *Korleis skal prosedyrar for tildeling av tenester sikre både ressurseffektivitet og kvalitet?*
 - c. *I kva grad blir vedtak om tildeling av sjukeheimsplasser fatta i samsvar med gjeldande prosedyrer?*
 - d. *Korleis sikrar kommunen at tildeling av tenester er basert på og tilpassa brukarane sine eigne behov og ressursar, samstundes som at tenestetildelingar understøtter BEON-prinsippet?*
 - e. *Korleis sikrar kommunen at brukarar får det tenestetilbudet dei har krav på?*
 - i. *Korleis vert brukarane følgt opp?*
 - ii. *I kva grad er det fokus på samhandling og koordinerande tenester i kommunen?*
 - iii. *Har kommunen system for brukar og pårørande involvering?*
 - iv. *Korleis inforemerer kommunen brukar/pårørande om klagerett, eige skjema? Korleis handterer kommune klagar frå brukarane?*

3) Område 3: Kordan fungerer kommunen sitt system for mottak av utskrivningsklare pasientar frå sjukehus?

 - a. *I kva grad er det klarheit i roller og ansvar knytt til å ivareta samarbeidsavtaler med Helse Vest om utskrivningsklare pasientar?*
 - b. *I kva grad er det klarheit i roller og ansvar knytta til at dokumentasjon/epikrise vert formidla til rett instans i kommunen?*
 - c. *Ved pasientmottak til kommunen, frå spesialisthelsetjenesta, I kva grad vert krava til dokumentasjon tatt i vare?*
 - d. *I kva grad registrerast avvik ved pasientmottak til kommunen, frå spesialisthelsetenesta?*
 - i. *Har kommunen eit avvikssystem?*
 - ii. *Kven skal registrere avvik?*
 - iii. *Korleis skal avvik følgjast opp?*
 - iv. *Blir rutinene for avvikshandtering etterlevd?*

- e. I kva grad vert det kommunale øyeblikkeleg hjelp døgntilbud (KØHD) nytta?
- i. Kva beleggsprosent er det ved KØHD?
- ii. Kva erfaringar har kommunen med bruk av KHØD?

Rapporten

KPMG har med dette som utgangspunkt gjennomført prosjektet. Rapport blei oversendt sekretariatet 09.05.19. Rapporten følgjer saka som vedlegg og som eige hefte. Rådmannen sin høyringsuttale er tatt inn i rapporten under kapittel 6. Rådmannen visar til at revisjonen sine vurderingar og tilrådingar er kjent for kommunen. Sekretariatet har valt å ta rådmannen sin uttale inn i saksframlegget:

Rådmannen tek forvaltningsrevisjonen til etterretning. Revisjonen set fokus på forbettingsområder som kommunen kjenner til, men den har også peika på organisering av tenestene og samhandlingsrutiner som kommunen må korrigera. Tysvær kommune har som mål å levera gode og bærekraftige tenester for framtida. Bærekraft inneber å redusere kostnadsnivået som er høgt innan pleie og omsorgstenestene til å nyttast til beste for ennå fleire. Då vert det særleg viktig å ha gode system som sikrar nødvendig hjelp til innbyggjarane.

Endring av systemer inneber ofta endring av organisasjon og haldningar. Dette blir særleg presisert i «forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenstenettleiar» og tilhøyrande. Tysvær kommune må ha fokus på kvalitet på tenestene og betre ressursutnytting samstundes.

Kommunen er nå igang med planarbeidet for Morgondagens helse- og omsorgstenester 2020-2040. Moment frå denne revisjonen vil bli tatt med i planarbeid og øvrig forbettingsarbeid innan helse- og omsorgstenestene

Rapporten inneheld innleiingsvis eit **samandrag** av revisor sine funn med konklusjonar og tilrådingar. Bakgrunn, føremål, problemstillingar, revisjonskriteria og metode vert presentert i kapittel 1.

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med krava i RSK001 Standard for forvaltningsrevisjon. Metodar som er vore nytta er dokumentinnsamling analyser og **intervjuar med sju personar**. Revisor har snakka med omsorgssjef, seksjonsleiar og avdelingsleiar v/Tysværtunet, leiar og sakshandsamar v/tildelingskontoret, koordinator og prosjektleiar drift og org.gjennomgang seksjon Butiltak.

I kapittel 2 blir fakta om **velferdsteknologi** presentert. I kapittel 3 er temaet **ressurs-effektivitet og kvalitet**. I kapittel 4 blir **mottak av utskrivingklare pasientar frå sjukehus** omtala. Tilrådingane kjem fram i kapittel 5. Uttale frå rådmannen er tatt inn i kapittel 6. Dokumentliste følgjer som vedlegg 1 i rapporten og som vedlegg 2 revisjonskriterier.

For meir detaljer visast det til sjølve rapporten.

På bakgrunn av undersøkingane har revisor komme med følgjande tilrådingar:

Våre tilrådingar er at Tysvær kommune prioriterte fylgjande:

- 1. Kommunen bør sørge for at tildelingskontoret blir organisert på ein meir ressurseffektiv måte i den kommande omorganiseringa i kommunen,*
- 2. Kommunen bør ved avslag på søknad om langtidsopphald presisere kva kriterier brukaren ikkje oppfyller samt forklare kvifor brukaren ikkje oppfyller desse kriteria,*
- 3. Kommunen bør sørge for at det blir utarbeida ein hensiktsmessig praksis for å evaluere og revurdere tenester,*
- 4. Kommunen bør halde fram fokuset på å endre tenesteprofilen og styrke heimetenesta,*
- 5. Kommunen bør i samarbeid med Helse Fonna HF sørge for at avvik blir ført i tråd med samarbeidsavtalen.*

Tilrådingane er formulert på bakgrunn av vurderingane, og peikar på område kor Tysvær kommune etter revisjonen sin vurdering i fyrste omgang bør prioritere å gjere tiltak for å betre tenestene sine.

Konklusjon

Sekretariatet har gjort ei vurdering av at rapporten er av god kvalitet ihht. standardkrava til forvaltningsrevisjonsrapporter (RSK001), og at den er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling og vedtatt prosjektplan. Val av revisjonskriterier er relevante sett opp mot problemstillingane. Revisor si vurderingar og tilrådingar er vidare basert på innsamla materiale, revisjonskriteriene og dei metodiske avgrensingane.

Resultatet etter forvaltningsrevisjonen viser at kommunen har forbettingspotesiale i og med at undersøkinga avdekker nokre forbedringsområde. Sekretariatet vil på den bakgrunn tilrå at kontrollutvalet ber kommunestyret vedta at revisjonen sine tilrådingar blir fylgt opp.

Ein forvaltningsrevisjonsrapport skal systematisk bli fylgt opp for å sikre at forvaltinga set i verk tiltak for å rette opp påviste avvik/manglar og kontrollutvalet må sørge for at kommunestyret sine vedtekne merknader til rapporten vert fylgt. Det vert tilrådd at slik oppfølging skjer frå 6 til 12 månader etter at rapporten er vedteken av kommunestyret.

Sekretariatet vil tilrå at det blir sett ein frist for rådmannen til når kommunestyret via kontrollutvalet får tilbakemelding om status for tilrådingane.

I denne saken kan det være naturleg å sette 9 månader. Tilbakemelding om iverksette og gjennomførte tiltak vil då kunne bli lagt fram som sak om oppfølging for utval/kommunestyret våren 2020.

Det er kommunestyret som fattar endeleg vedtak i saka. Forskrift om kontrollutval slår fast at kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker angående forvaltningsrevisjon.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

1. *Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Kvalitet og ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Aksdal, 14.05.19



Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær



Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 09.05.19
Journalført 19/ /tha
Arkivkode 216

Lagt bak i
Sakskart
og

under

~~www.kontrollutvalg.no~~
www.kontrollutvalg.no

Tysvær K.
„Rapporter“

Kvalitet og ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstjenestene

Forvaltningsrevisjonsrapport Tysvær kommune

Mai 2019

www.kpmg.no

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	21.05.19	7/19
Formannskapet	04.06.19	
Kommunestyret	18.06.19	
Saksansvarleg: Toril Hallsjø	Arkivkode: 212	Arkivsak:

UTTALE TIL TYSVÆR KOMMUNE SITT ÅRSREKNESKAP FOR 2018

Vedlegg:

1. Framlegg til **uttale** fra kontrollutvalet
2. Rekneskapen for 2018 (hovedoversyn for drift og investering og skjemaer)
3. Økonomisjefen si økonomiske oversyn for 2018
4. Revisjonsmelding for 2018, dagsett 12.04.19
5. Revisjonsrapport/årsoppgjerbrev nr 3, dagsett 29.04.19
6. Rådmannen sin årsberetning 2018
7. Notar nr 1-26 (ikkje i sakskart, men rekneskap)

Innleiing

Vedlagt følgjer framlegg til uttale (vedlegg 1), Tysvær kommune sin årsrekneskap for 2018 med notar, revisjonsmelding og årsoppgjersbrev fra KPMG. Regnskapstala med økonomisk oversyn følgjer i sakskart, medan heile rekneskapen er i eige hefte. Forutan revisor, økonomisjef og leiar økonomi drift delta under handsaminga av saka.

Bakgrunn

Det går fram av forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 7 at kontrollutvalet skal gi uttale om årsregnskapet:

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgje uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret. Uttalelsen avgis til kommunestyret..

Kopi av uttalelsen skal være formannskapet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret.

Det er ikkje eit krav om at kontrollutvalet behandler årsberetningen, men denne bør følgje med som vedlegg til saka, og det skal kommentarerast dersom det er vesentlege avvik mellom årsberetninga og rekneskapen.

Det er lovkrav at kommunestyret skal handsame årsrekneskap og årsberetning i det same møtet. I år er dato for kommunestyremøtet 18. juni. Årsrekneskapen vil bli vedteken etter innstilling frå formannskapet, som skal ha sitt møte 4. juni.

Om årsrekneskap og årsmelding står det følgjande i forskrift § 10:

Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret sjølv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Årsregnskapet skal være avgitt av fagsjef for regnskap innen 15. februar i året etter regnskapsåret.

Administrasjonssjefen utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret samtidig med at årsregnskapet skal behandles.

Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.

Administrasjonssjefen skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.

Etter forskriften § 8 skal også kontrollutvalet sjå etter at revisor sine merknader (i revisjonsmelding og/eller i årsoppgjersbrev/rapport) blir fulgt opp.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Tysvær kommune sitt avgitte årsrekneskap for 2018 og notar, revisjonsmeldinga, årsoppgjersbrevet, økonomiske oversyn og rådmannen sin årsberetning.

Årsrekneskapen med notar

Rekneskapen syner eit positivt **brutto driftsresultat** (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivinger og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringer) på 72,3 mill. kroner. Dette er 5,8 mill kr mindre enn opphavelige budsjett og 46,2 mill. kr meir enn revidert budsjett.

Avviket mellom brutto driftsresultat og revidert budsjett skyldast at driftsutgiftene viser 13,7 mill. kr meir forbrukt enn forventa, medan driftsinntektene auka med 54 mill. kr.

Netto driftsresultat er det same som brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnadene. Netto driftsresultat i 2018, slik det vert ført i kommunerekneskapen pr 12.04.18, blei på **95 mill. kr**, mot budsjettet med 52 mill. kr. Det utgjer 8,7 %, som er langt over anbefalt nivå for resultatmargin som teknisk beregningsutval meiner kommunane bør ligge på. Resultatet er det beste kommunen nokon gong har hatt

Rekneskapstall for kommunane generelt viser bra driftsresultat. Resultatenet skyldast først og fremst god skattevekst og gode overføringer i kommunesektoren. Netto driftsresultata varierer imidertid stort frå kommune til kommune. Det same gjeld for kommunane på Haugalandet.

TYSVÆR KOMMUNE

Saksframlegg

I fjor var det offisielle resultatet for Tysvær 8,5 %. Årets korrigerte driftsresultat ligg, etter fråtrekk for egedomsskatt til Bokn, i følgje økonomisjefen på 10,5 % (i fjor på 9 % korrigert).

Rådmannen forklarar Tysvær sin økonomi i 2017 slik:

Resultatutviklinga har vore svært positiv over tid, frå eit reelt driftsunderskotti i 2007 på 6,9 mill. kroner (etter frådrag av momskompensasjon investeringar), til eit gradvis betra resultat, og opp til heile 114,2 mill. kroner (95,1 mill. kroner i økonomisk oversikt som ikkje har med seg fondsbruk og fondsavsetnjingar på resultatområda). Tilsvarande tal i 2017 var 99,1 (88,7) mill. kroner. Driftsmarginen er på 10,5 (8,8 %).

Dette er eit resultat av stor vekst i egedomsskatteinntekter gjennom desse åra, og i dei siste åra også eit svært positivt rentebilete, men også svært viktig for resultatet er eit godt og systematisk arbeid med omstilling og sparing i tenestene over lang tid.

Det er arbeidd med å finna varige omstillingar i drifta og samstundes sikre best mulig kvalitet innanfor tilgjengelege ressursar. Det er gjort ein stor jobb i tenestene både med godt nok standardar og med å finne meir kostnadseffektive måtar å levere fortsatt gode tenester på.(Figur, sjå vedlegg)

Kommunestyret har presisert at pengebruken framleis skal vere nøktern og ikkje minst berekraftig på lang sikt. Det betyr at vi må bruke det store handlingsrommet vi nå har i økonomien vår klokt, til å rigge Tysvær kommune for framtida, og eit inntektsgrunnlag som vi ikkje kan rekne med blir like godt som i dag. Dette ser klart av vedtatt økonomiplan 201-2021.

Det er svært viktig for rådmannen å understreka igjen den usikkerhetsfaktoren som ligg i at det ligg klage på siste omtakstering egedomskatt frå dei store skatteytarane, Equinor og Statoil. Her må det pårekna rettsaker. Deler av inntektene som nå gjev historiske gode resultat i åra 2016-2018, må difor setjast av til fond i påvente av endeleg avklaring, truleg i rettsapparatet. Det kan ta tid før dette er avklart.

Når det gjeld lånegjelda skriv rådmannen mellom anna:

Kommunen har i mange år hatt ganske høg gjeldsrate, målt pr innebyggjar, men dette har dei siste åra vore stabil på rundt 10 % over landsgjennomsnittet. Det viktigaste for kommunen vil likevel vera at vi har tilstrekkeleg inntektsgrunnlag som dekker opp lånegjelta vår, og det har vi.

Tala i økonomisk oversyn er ikkje dei same som i skjema 1 A (økonomisk oversyn - drift), då egedomsskatt samla er ført med kr 190,9 mill. kr, medan det i skjema 1 A er ført kr 183,1 mill. kr som netto inntekter. Differansen er 7,8 mill. kr, kor 5,1 mill. kr er egedomsskatten til Bokn kommune etter avtale.

Sum avsetjingar viser i skjema 1 A at det er avsett 103 mill. kr, medan bruk av avsetjingar er på 61,2 mill. kr. Sum utgifter i investeringsrekneskapen er på 185,6 mill. kr. Justert for finanstransaksjonar og inntekter var finansieringsbehovet på 199 mill. kr. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

TYSVÆR KOMMUNE

Saksframlegg

Totalt sett er rekneskapen gjort opp med **eit rekneskapsmessig mindreforbruk (eit overskott)** på kr **54.337.589** eller **54,3 mill kr.** Det er desse tala som blir sendt til SSB og registrert i KOSTRA.

Notar

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekke notar som skal vera med i rekneskapen. Notane, som er utarbeidde til rekneskapen i år, er dei same som i fjar og følger saka i vedlegg .

Årsberetning/årsmelding

Etter lova skal det leggjast fram ei årsberetning som skal gje opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stode og resultatet av verksemda.

I følgje lova er det krav om at rådmannen også skal skrive noko om kva som er gjort eller om dei planar som er laga innanfor arbeidet med **eigenkontroll** og arbeidet med å heve **etisk standard** i kommunen.Det skal også skrivast noko om faktiske tilstand når det gjeld **likestilling** i kommunen.

Også i år har rådmannen laga ei årsberetning som fyller dei krava som lova sett. Det er gjeve ei god framstilling av den økonomiske situasjonen, herunder også den store usikkerhetsfaktoren når det gjeld eigedomsskatten, litt om status for kommuneplanarbeidet, likestilling og diskriminering, og om arbeidet med internkontrollen og etikk.

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I årsoppgjersbrev/rappoart kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han finner grunnlag for å kommentere det/de. Rådmannen skal då ha hatt høve til å gje sin uttale.

Revisor si revisjonsmelding

Revisor har komme med såkalla rein melding, dvs utan etterhald eller presiseringar.

Revisor konkluderer med at: "*Etter vår mening er årsrekneskapen som fylgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gjev ein dekkande framstilling av Tysvær kommune si finansielle stilling per 31. desember 2018, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoен i samsvar med lov, forskrift og god communal rekneskapsskikk i Noreg*".

Årsoppgjersbrev/rappoart

Eit årsoppgjersbrev/rappoart frå revisor viser forhold som revisor meiner er av ein så vesentleg karakter at det treng oppfølging frå leiinga.

TYSVÆR KOMMUNE

Saksframlegg

Revisor har i år kome med årsoppgjersbrev. Brevet er dagsett 29.04.19 og ta opp følgjande forhold:

- administrator-rettar i nettbanken
- administrator-rettar i økonomisystemet
- reiserekningar –uklår dokumentasjon av reiser

For kvar av forholda har administrasjonen komme med tilbakemelding/sitt syn på merknadane. Dette er tatt inn i brevet, som følgjer som vedlegg 5.

Evt. årsoppgjersbrev/rapport, saman med meldinga, dannar grunnlaget for den oppfølging utvalet eventuelt må gjere etter forskrift § 8. Kontrollutvalet må vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på revisor sine merknader.

Utvalget skal også påse at oppfølging av revisjonsmerknader blir fulgt opp (§ 8). Utvalget må vurdere om det er forhold i rekneskapen det vil kommentere til kommunestyret, basert på dokumenta i saken og orienteringane i møtet. Utvalet må då vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på merknad innen ein fastsatt frist. Framlegg til vedtak vil da kunne vere følgjande:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skrifteg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.09.19 på korleis merknader frå revisor er følgt opp.

Sekretariatet er av den mening at det ikkje skulle vere naudsynt ut frå den tilbakemelding frå administrasjonen som tatt inn i brevet.

Kontrollutvalet sin uttale

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1).

Kontrollutvalet må også vurdere om det er andre forhold i årsrekneskapen dei vil kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringa gjeve i møtet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskapen 2018 slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

Aksdal, 14.05.19

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

Til
Tysvær kommunestyre

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen for 2018

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 21.05.19, sak 7/19 handsama Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2018. Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avgjorte årsrekneskapen med notar, dagsett 11.04.19, revisjonsmeldinga, dagsett 12.04.19, økonomisjefen si økonomiske oversyn og rådmannen si årsberetning 2018. I tillegg har økonomisjef og revisor supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaming av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2018 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 53,3 mill. kr (etter avsetjing av driftsmidlar til investeringar og fond i samsvar med budsjett).

Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 95,1 mill. kr, som utgjer 8,7 % av driftsinntektene. I eit korrigert netto driftsresultat utgjer det 10,5 % av driftsinntektene inklusiv renter og fråtrekk frå avtalt eigedomsskatt til Bokn kommune.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2018, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2018 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2018 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.18.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet ytterlegare merknader til Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2018.

Aksdal, 21. mai 2019

Arne Gjerde
Utvalsleiar

Kopi: Formannskapet



Økonomisk oversikt - drift

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2018

12.04.2019

Regnskap i fjor

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger				
Andre salgs- og leieinntekter	33.583.144,51	33.614.368,00	34.580.060,00	31.438.459,44
Overføringer med krav til motyelse	65.269.840,55	64.991.062,00	64.055.445,00	64.704.059,79
Rammetilskudd	139.534.867,31	111.160.454,15	66.961.163,00	128.029.905,71
Andre statlige overføringer	321.822.657,00	329.100.000,00	329.100.000,00	322.570.712,02
Andre overføringer	39.740.777,21	24.695.195,00	23.453.944,00	32.147.187,41
Skatt på inntekt og formue	5.550,00	0,00	0,00	3.500,00
Eiendomsskatt	296.653.507,27	280.000.000,00	280.000.000,00	279.974.579,73
Andre direkte og indirekte skatter	190.926.540,00	190.000.000,00	190.000.000,00	186.217.942,00
Sum driftsinntekter	1.087.536.883,85	1.033.561.079,15	988.150.612,00	1.045.086.346,10
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter				
Sosiale utgifter	567.175.317,33	574.287.585,02	534.705.754,00	552.798.669,57
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	146.278.686,99	149.863.083,65	145.426.129,00	143.172.836,54
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	120.589.935,64	102.574.276,48	98.006.730,00	114.532.085,27
Overføringer	75.402.422,28	72.096.910,00	70.403.872,00	71.782.423,35
Avskrivninger	60.635.440,10	57.594.527,00	56.632.232,00	55.278.955,09
Fordelte utgifter	49.663.525,00	49.663.526,00	9.644.000,00	43.212.252,00
Sum driftsutgifter	-4.566.370,51	-4.663.500,00	-4.798.000,00	-6.053.923,73
Brutto driftsresultat	72.357.927,02	32.144.671,00	78.129.895,00	70.363.048,01
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte				
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	19.874.486,69	16.100.000,00	16.100.000,00	20.808.165,22
Mottatte avdrag på utlån	18.990,00	0,00	0,00	0,00
Sum eksterne finansinntekter	3.000,00	0,00	2.400.000,00	2.623.982,05
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger				
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	18.096.855,70	20.003.656,00	20.000.000,00	17.207.662,15
Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
Utlån	28.666.670,00	28.670.944,00	34.000.000,00	31.071.598,00
Sum eksterne finansutgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-26.867.049,01	-32.574.600,00	-35.500.000,00	-24.847.112,88
Motpost avskrivninger	49.663.525,00	49.663.526,00	9.644.000,00	43.212.252,00
Netto driftsresultat	95.154.403,01	49.233.597,00	52.273.895,00	88.728.187,13
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	34.836.386,42	34.836.386,00	0,00	50.986.312,84
Bruk av disposisjonsfond	10.253.548,54	10.097.049,00	1.820.400,00	11.702.758,93
Bruk av bundne fond	16.137.063,51	10.416.125,00	6.883.860,00	11.282.468,08
Sum bruk av avsetninger	61.226.998,47	55.349.580,00	8.704.250,00	73.971.539,86
Overført til investeringsregnskapet	19.017.729,04	38.820.525,00	35.700.000,00	17.414.480,42
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	78.395.808,67	60.530.991,00	25.053.705,00	104.779.894,05
Avsatt til bundne fond	5.630.274,59	5.231.641,00	224.450,00	5.668.966,10
Sum avsetninger	103.043.812,30	104.583.157,00	60.978.155,00	127.863.340,57
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	53.337.589,18	0,00	0,00	34.836.386,42



Økonomisk oversikt - investering

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2018

12.04.2019

Regnskap i fjor

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	30.898.813,00	6.154.807,95	0,00	16.633.520,00
Andre salgsinntekter	242.551,00	0,00	0,00	1.081.850,00
Overføringer med krav til motyelse	23.314.927,10	29.600.000,00	29.400.000,00	7.814.547,73
Kompensasjon for merverdiavgift	25.030.667,22	0,00	0,00	20.207.411,49
Statlige overføringer	1.853.186,00	0,00	0,00	933.000,00
Andre overføringer	1.052.440,00	0,00	0,00	11.762.883,00
Renteinntekter og utbytte	119.313,87	0,00	0,00	0,00
Sum inntekter	82.511.898,19	35.754.807,95	29.400.000,00	58.433.212,22
Utgifter				
Lønnsutgifter	4.213.514,97	6.331.765,00	5.775.000,00	4.600.045,57
Sosiale utgifter	1.093.586,23	146.160,00	0,00	1.188.848,10
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	133.080.890,91	237.830.075,00	238.170.000,00	177.687.821,30
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	22.042.525,20	0,00	0,00	66.016,00
Overføringer	25.246.655,88	40.000,00	0,00	21.473.957,49
Renteutgifter og omkostninger	11.623,63	0,00	0,00	281,32
Fordelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum utgifter	185.688.796,82	244.348.000,00	243.845.000,00	205.016.969,78
Finanstransaksjoner				
Avdrag på lån	5.329.056,00	5.329.056,00	0,00	0,00
Utlån	29.263.000,00	32.360.000,00	15.000.000,00	7.430.487,91
Kjøp av aksjer og andeler	23.355.289,00	23.150.000,00	2.535.000,00	3.418.371,00
Dekning av tidligere års udekket	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til ubundne investeringsfond	32.901.077,95	6.154.807,95	0,00	18.509.405,69
Avsatt til bundne investeringsfond	5.140.827,90	0,00	0,00	12.056.518,37
Sum finansieringstransaksjoner	95.989.250,85	66.993.863,95	17.535.000,00	41.414.782,97
Finansieringsbehov				
Dekket slik:				
Bruk av lån	94.392.752,31	190.780.000,00	190.780.000,00	74.318.519,74
Salg av aksjer og andeler	75.000,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	46.212.513,44	40.375.000,00	0,00	4.208.195,37
Overført fra driftsregnskapet	19.017.729,04	36.229.056,00	33.300.000,00	17.414.480,42
Bruk av tidligere års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	16.987.144,00	203.000,00	0,00	78.596.209,00
Bruk av bundne driftsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av ubundne investeringsfond	16.508.967,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne investeringsfond	5.972.043,69	8.000.000,00	8.000.000,00	13.461.136,00
Sum finansiering	199.166.149,48	275.587.056,00	232.080.000,00	187.998.540,53
Udekkt/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00

Rekneskapsskjema 2 A

Investeringar med finansiering (tal i 1000 kroner)

	Budsjett 2018	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
Investeringar anleggsmidler	244348	185689	205016
Utlån	15000	29263	7430
Aksjekjøp	2535	23355	3418
Avdrag på utlån	5329	5329	
Avsett bundne investeringsfond	0	5141	12056
Avsett ubundne investeringsfond	6155	32901	18509
Årets finansieringsbehov	273367	281678	246429
Bruk av lånemidler	190780	94393	74318
Mottatte avdrag utlån	2400	46212	4208
Statlege overføringer		1853	933
Andre overføringer	29600	23315	
Salg av anleggsmidler			1082
Sal næringareal/forskuttert sal			
Refusjonar			
Tilskott til investeringar			
Andre overføringer		1052	11763
Andre salsinntekter/renteinntekter		361	
Sum ekstern finansiering	222780	167186	92304
Refusjonar/overføringer			
Salg av driftsmidler og fast eigedom	6155	30898	17814
Salg av aksjer		75	6633
Overført fra driftsbudsjett	36229	19018	17414
Kompensasjon moms		25030	20208
Bruk av disposisjonsfond	203	16987	78596
Bruk av bundne investeringsfond	8000	5972	
Bruk av ubundne investeringsfond	0	16509	13461
Sum Intern finansiering	50587	114489	154126
Sum finansiering	273367	281675	246430
Finansieringsbehov - finansiering			
Overskott/underskott	0	0	0



Oversikt - balanse

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2018

12.04.2019

	Regnskap 2018	Regnskap 2017
EIENDELER		
Anleggsmidler		
Herav:		
Faste eiendommer og anlegg	2.923.217.377,03	2.692.421.267,47
Ustyr, maskiner og transportmidler	1.686.596.381,01	1.552.673.561,01
Utlån	24.689.568,36	23.227.457,36
Konserninterne langsiktige fordringer	88.251.687,66	109.272.991,10
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Pensjonsmidler	75.863.913,00	52.583.624,00
	1.047.815.827,00	954.663.634,00
Omløpsmidler		
Herav:		
Kortsiktige fordringer	597.373.542,51	460.989.695,13
Konterninterne kortsiktige fordringer	101.569.753,66	82.670.985,89
Premieavvik	0,00	0,00
Aksjer og andeler	31.971.185,30	30.972.048,30
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	0,00	0,00
Derivater	105.924.340,00	60.300.831,73
Kasse, postgiro, bankinnskudd	0,00	0,00
	357.908.263,55	287.045.829,21
SUM EIENDELER	3.520.590.919,54	3.153.410.962,60
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital		
Herav:		
Disposisjonsfond	932.501.751,26	733.381.063,88
Bundne driftsfond	189.392.886,00	138.237.769,87
Ubundne investeringsfond	3.616.030,81	14.141.809,73
Bundne investeringsfond	30.184.643,50	13.773.542,55
Regnskapsmessig mindreforbruk	11.225.302,58	12.056.518,37
Regnskapsmessig merforbruk	53.337.589,18	34.836.386,42
Udisponert i inv.regnskap	0,00	0,00
Udekket i inv.regnskap	0,00	0,00
Kapitalkonto	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	637.092.692,06	512.682.429,81
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	-904,00	-904,00
	7.653.511,13	7.653.511,13
Langsiktig gjeld		
Herav:		
Pensjonsforpliktelser	2.427.097.929,00	2.240.104.834,00
Ihendehaverobligasjonslån	1.227.447.075,00	1.181.458.254,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	0,00	0,00
Konsenintern langsiktig gjeld	1.199.650.854,00	1.058.646.580,00
	0,00	0,00
Kortsiktig gjeld		
Herav:		
Kassekredittlån	160.991.239,28	179.925.064,72
Annен kortsiktig gjeld	0,00	0,00
Derivater	160.991.239,28	176.214.043,72
Konsenintern kortsiktig gjeld	0,00	0,00
Premieavvik	0,00	0,00
	0,00	3.711.021,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	3.520.590.919,54	3.153.410.962,60
MEMORIAKONTI		
Memoriakonto		
Herav:		
Ubrukte lånemidler	138.554.177,64	57.946.829,95
Ubrukte konseninterne lånemidler	138.554.177,64	57.946.829,95
Andre memoriakonti	0,00	0,00
Motkonto for memoriakontiene	0,00	0,00
	-138.554.177,64	-57.946.829,95



Økonomiske oversikter

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2019

11.04.2019

	Regnskap 2018	Regnskap 2017
Oversikt - balanse		
EIENDELER		
Anleggsmidler		
Herav:		
Faste eiendommer og anlegg	2.923.217.377,03	2.692.421.267,47
Ustyr, maskiner og transportmidler	1.686.596.381,01	1.552.673.561,01
Utlån	24.689.568,36	23.227.457,36
Konserninterne langsiktige fordringer	88.251.687,66	109.272.991,10
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Pensjonsmidler	75.863.913,00	52.583.624,00
	1.047.815.827,00	954.663.634,00
Omløpsmidler		
Herav:		
Kortsiktige fordringer	597.373.542,51	460.989.695,13
Konserninterne kortsiktige fordringer	101.569.753,66	82.670.985,89
Premieavvik	0,00	0,00
Aksjer og andeler	31.971.185,30	30.972.048,30
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	0,00	0,00
Derivater	105.924.340,00	60.300.831,73
Kasse, postgiro, bankinnskudd	0,00	0,00
	357.908.263,55	287.045.829,21
SUM EIENDELER	3.520.590.919,54	3.153.410.962,60
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital		
Herav:		
Dispositionsfond	932.501.751,26	733.381.063,88
Bundne driftsfond	189.392.886,00	138.237.769,87
Ubundne investeringsfond	3.616.030,81	14.141.809,73
Bundne investeringsfond	30.184.643,50	13.773.542,55
Regnskapsmessig mindreforbruk	11.225.302,58	12.056.518,37
Regnskapsmessig merforbruk	53.337.589,18	34.836.386,42
Udisponert i inv.regnskap	0,00	0,00
Udekket i inv.regnskap	0,00	0,00
Kapitalkonto	0,00	0,00
Ordinær skulekyss har eit mindreforbruk på 300 000 kroner, mens anna skyss har eit meirforbruk på 800 000 kroner. Totalt gir dette eit meirforbruk på skyss på 500 000 kroner. SFO hadde eit overforbruk på 500 000 kroner i forhold til budsjett. Hovudårsaka er sviktande eigenbetaling. Tysværelevar som er plassert i andre kommunar kostar 1,5 mill. kroner meir en budsjettert. Sparetiltak på 1 mill. kroner er ikkje innfridd.

Kjøp av tenester frå fylke er 500 000 kroner over budsjett. Utgifter til IKT og lisensar er 600 000 kroner høgare en budsjett. Meirinntekter for gjesteelevar er 1,1 mill. kroner, som vert brukt til ekstra utgifter knytt til desse ekstra elevane. Totalt er inntektene 1,5 mill. kroner høgare enn budsjett.

Tysvær læringsarena har eit mindreforbruk på 700 000 kroner. Dette skuldast at tilbodet er redusert. Tysvær morsmållopplæring har eit mindreforbruk på 700 000 kroner. Desse pengane er tilført skulane via rammetimetal. Sætre gard har eit meirforbruk på 200 000 kroner. I hovudsak skuldast dette meirforbruk på driftspostane. Tysvær opplæringscenter har eit mindreforbruk på 1 mill. kroner. Dette skuldast meirinntekter i forhold til budsjett og at ein har hatt låg bemanning pga. omstillingar i flyktningområdet.

Rammetimetalet for skuleåret 2018/19 er totalt på 3270 timer. Dette er ei auke på 35 timer frå førre skuleår. Dette skuldast auke i timer til fosterbarn og øyremerka midlar til høgare lærartettleik.

Resultatområde Aktivitet og omsorg

Økonomi

Aktivt og omsorg kjem ut med eit positivt resultat i høve til budsjett på 0,7 mill. kroner.

Aktivitet og omsorg har hatt stort fokus på kostnadskontroll, og det er blitt høgare inntekter på ressurskrevjande brukarar enn budsjettert. Utgiftene i området er endra frå institusjonsbasert til meir heimebasert omsorg. Området er gjennom det vesentleg betre rusta til å møte stor behovsauke i åra som kjem, og det blir arbeidd aktivt med tiltak for å nå sparekrava som er satt.

Resultatområde Helse og førebygging

Økonomi

Helse og førebygging kjem ut med eit positivt resultat på heile 10,8 mill. kroner (tilsvarende i 2017 var eit positivt resultat på 11 mill. kroner).

Av resultatet skriv 5,5 mill. kroner seg frå høgare inntekter enn budsjett, og 5,3 mill. kroner på mindreforbruk på tenestene.

Det er meirinntekter på ressurskrevjande tenester på inntektene. På kostnadane er det mindre bruk på vikarar og ekstern finansiering av prosjekter som bidrar til mindreforbruket.

Resultatområde Kultur

Økonomi

Kultur kjem ut med eit positivt resultat på 0,9 mill. kroner (tilsvarende som i 2017).

Det positive resultatet stammer frå mei inntekter på billettar Tysværtunet i hovudsak. Til tross for dårlig start på året tok besøkstala seg opp på hausten og ein tok inn att dei tapte inntektene ein hadde på sommarhalvåret.

Resultatområde Teknisk

Økonomi

Resultatområdet teknisk fekk eit meirforbruk på 6 mill. kroner i 2018. Energiutgiftene inkl. mva er 2,7 mill. kroner høgare enn i 2017, og er hovudårsak til meirforbruk.

Bygg har eit meirforbruk 6,2 mill. kroner. Av dette utgjer energi kr 4,2 mill. kroner inkl. mva. Husleigeutgiftene er 400 000 kroner høgare enn budsjett. Husleigeinntektene er 600 000 kroner lågare enn budsjett. Andre postar ligg totalt 1 mill. kroner over budsjett. Bygg fekk ein ekstraløying på 1 mill. kroner til byggvedlikehald. 200 000 kroner er brukt i 2018 og resten er planlagt brukt i 2019.

Veg har eit meirforbruk på 1,8 mill. kroner. Av dette utgjer meirforbruket på vintervedlikehald 800 000 kroner. Tilskota blei 600 000 kroner lågare enn budsjett. Andre postar har eit meirforbruk på 400 000 kroner. Veg fekk ei ekstraløying på 1 mill. kroner til asfaltring. Desse midlane er brukt i 2018.

Dei andre ansvara har totalt sett eit mindreforbruk på 1,2 mill. kroner. Av dette utgjer reinhald sitt mindreforbruk 900 000 kroner.

VA-området

VA-området går ut med eit budsjettoverskott på 3,7 mill. kroner.

Budsjettoverskotet for 2018 kjem i hovudsak av at dei investeringsrelaterte postane kalkulatoriske renter og avskrivningar vart høgare enn planlagt i budsjettet. Sjølv om desse postane blir nulla ut av motpostar, fører det til at overføringane frå sjølvkostfonda blir høgare enn budsjettert. Og soleis medfører dette at det budsjett teknisk framkjem overskot i form av meirinntekter av di desse kostnadane blei høgare enn budsjettert.

Begge sjølvkostområda, vatn og avløp, gjekk med store underskot i 2018. Samla underskot i desse to sjølvkostrekneskapa blei på 11,8 mill. kroner. Grunna nedbygging av sjølvkostfond, hadde vi planlagt at sjølvkostområda for vatn og avløp skulle gå med eit samla underskot på 6,9 mill. kroner i 2018. Samla underskot for sjølvkostrekneskapa blei altså 4,9 mill. kroner høgare enn budsjettert. Det er særleg høgare kostnader til vedlikehald som gjer at sjølvkostunderskota vart så store. I tillegg innverka også kalkulatoriske renter og avskrivningar vesentleg på sjølvkostunderskota. I rekneskapen for VA-området er underskota i sjølvkostrekneskapa nulla ut av overføringar frå sjølvkostfond.

Per 31.12.2018 er det opparbeida eit samla framførbart underskot på sjølvkostfonda for vatn og avløp på 7,1 mill. kroner, og dette beløpet må dekkast inn av abonnentane i framtida. Dekningsgradane, som etter sjølvkost skal liggje på 100 %, blei på 72 % og 77 % for henholdsvis vatn og avløp. At dekningsgradane er så lave samstundes som det må dekkast inn eit framførbart underskot, gir eit tydeleg signal om vesentleg prisauke i åra framover.

Kyrkjeleg Fellesråd

Økonomi

Kyrkje hadde eit samla netto driftsbudsjett på 8,7 mill. kroner, og rekneskapen viser same resultat.

Driftsbudsjettet til Kyrkjeleg Fellesråd er ei rein overføring av midlar. Bruken av midlane blir detaljert i rekneskap som blir avgjort av fellesrådet. Kyrkjeleg Fellesråd er eige rettssubjekt.

Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat er kommunens resultat før dekning av renter og avdrag, og før avsetjingar til budsjettet føremål, avskrivingar er ikkje med i brutto driftsresultat i vedlegg 1. Avskrivingane utgjer 49,6 mill. kroner. Brutto driftsresultat for kommunen er på 136,1 mill. kroner (118,4 mill. kroner i 2017), mot opprinnelag budsjettet 89 mill. kroner, ei meirinntekt på 47,1 mill. kroner.

Rapporten **økonomisk oversikt** viser brutto driftsresultat 72,3 mill. kroner. Stort avvik mellom dette og det brutto driftsresultat som vises i hovudtabell 2018, skuldast i hovudsak at denne rapporten inkluderer og har trekt frå avskrivingar på 49,6 mill. kroner i bruttodriftsresultatet. Avskrivingane blir seinare null ut i økonomisk oversikt, og er soleis ikkje med i netto driftsresultat med resultateffekt.

Kapitalutgifter og kapitalinntekter

Samla for området er det opprinnelag budsjettet med netto utgifter på 27,1 mill. kroner, mens resultatet blir netto utgifter på 21,9 mill. kroner (19,3 mill. kroner i 2017), eit betre resultat i høve til budsjett på 5,2 mill. kroner. Forsiktig budsjettering av renteinntektsområdet, svært god likviditet, samt vesentleg betre overføring frå Haugaland Kraft, er årsak til positivt resultat. Prognosene ved budsjettstart var at renteauke var i vente, men det blei mindre renteauke enn det Norges Bank skisserte.

Netto renteutgifter er 1,8 mill. kroner lågare enn budsjett, mens samla renteinntekter er vesentleg høgare med 2,8 mill. kroner, då primært grunna i at kommunen har hatt svært høg likviditet gjennom heile 2018. Renta på låna våre er framleis svært låg. Gjennomsnittleg lånerente ved årsskiftet er 1,62 % (1,53 % i 2017). Gjennomsnittleg rentebinding er 1,37 år (1,13 år i 2017).

Brutto lånegjeld er ved årsskiftet på 1 199 mill. kroner (1058 mill. kroner i 2017). Det gjenstår analysearbeid for å vise kva renteeksponert gjeld er, dvs. den gjelda kommunen må bera med eigne midlar, men summen vil ligga rundt 600 mill. kroner (dvs. stabil) på rundt 50 %. Renteeksponert gjeld er samla gjeld etter frådrag av VA-lån, startlån, lån Meny-bygget/Palmehagen, kompensasjonslån frå Staten m.v., dvs. der renter og avdrag i hovudsak blir dekkja gjennom inntekter frå andre.

Kommunen har i mange år hatt ganske høg gjeldsgrad, målt pr. innbyggjar, men denne har dei siste åra vore stabil på rundt 10 % over landsgjennomsnittet. Det viktigaste for kommunen vil likevel vera at vi har tilstrekkeleg inntektsgrunnlag som dekker opp lånegjelta vår, og det har vi.

Gjeldande bankavtale gjekk ut i september 2018, og ny avtale gav vesentleg lågare avkastning på innskota.

Plasseringane i obligasjonsmarknaden og i pengemarknadsfond, gav litt svakare avkastning i 2018 enn i 2016. Plasseringar skal over tid gi høgare avkastning enn det vi ville fått ved å ha midlane plassert i bank, men i 2017 var plasseringane under det bankinnskota ville gi. Ved årsskiftet var det plassert samla 105,9 mill. kroner (60,3 mill. kroner i 2017) i obligasjoner og fond; det meste i bankobligasjoner. Auken skuldast i hovudsak vurderingar rundt høg likviditet der alternativ plassering blei gjort.

Kompensasjonsinntektene for lån gjeve til ulike føremål er på 6,2 mill. kroner (9,1 mill. kroner i 2017). Årsak til nedgang ligg i hovudsak på at innbetaling av avdrag på startlån er overført frå driftsrekneskap til investeringsrekneskap. I desse inntekter vidare ligg rente- og avdragskompensasjon frå Staten til investeringar i skulebygg, institusjonar og omsorgsbustadar, i tillegg kjem inntekter frå startlån (avdrag og renter frå dei vi løner ut til) og leigeinntekter Meny-bygget og Palmehagen.

Kompensasjon for dekning av renter og avdrag på VA-området gjenspeglar seg i den budsjetterte og regnskapsførte inntekt som ligg i VA-området som er omtala under resultatområda. Dette er da ikkje del av kompensasjonsinntektene som er tatt med her.

Frå Haugaland Kraft blei det budsjettet med 10 mill. kroner i form av utbytte og renter på vår eigardel i Haugaland Kraft; resultatet blei 10,9 mill. kroner. Resultatet er avhengig av overskotet i selskapet; dette året blei det vesentleg betre enn budsjett, slik det også var i 2016 og 2017. Endringa ved at det er selskapet sitt resultat som avgjer overføring til eigarane, i motsetning til det faste årlege beløpet som var gjeldande før, har hittil vore positiv for Tysvær som eigar.

Avdrag utgiftsført er i samsvar med budsjett 28,7 mill. kroner, der avdrag som gjeld lån i Husbanken til vidareutlån er overført frå drift til investeringsrekneskapet. Utifra ei samla lånegjeld, eksklusiv pensjonsgjeld og lån i Husbanken, på 1 122 mill. kroner, betaler vi 2,6 % årleg i avdrag; budsjettet mål over tid er minimum 3 %. Det vil bli gjort nye vurderingar på avdragsbetaling inn mot budsjett 2020.

Investeringar og utlån

Det er samla gjort investeringar på 185,7 mill. kroner i 2018 (205 mill. kroner i 2017). Dette er svært høgt slik det har vore dei siste åra, men er likevel lågare enn budsjettet for året på 244 mill. kroner. I investeringane gjennomført i 2018 ligg også gjennomførte prosjekter som blei budsjettet i 2017 og tidlegare år. I samband med framlegg av rekneskap 2018 for kommunestyret, vil rådmannen legga fram oversyn over investeringsprosjekter der gjennomføringstidspunkt er endra, med rebudsjettering for å få meir samsvar mellom budsjett og rekneskap. Budsjettet løyving til forskottering Aksdalskrysset er ikkje nytta i 2018. Tyngda av investeringane er innanfor VA-området.

Utdjupande kommentarar og detaljer om dei einskilde investeringsprosjekta vil gå fram av vedlegg til årsbereting utarbeida av resultatområde teknisk.

Startlån

Det har og i 2018 vore høg aktivitet og etterspørsel etter Startlån. Mange som søker om Startlån fell ikkje inn under kriteria for å få slikt lån. Spesielt gjeld dette unge førstegongsetablerarar. Samla er det i 2018 utbetalat 12,6 mill. kroner i Startlån om tilskott (7,4 mill. kroner i 2017) til 19 personar / familiarar. Det er 7 personar /familiarar som har budd i kommunal bustad som i 2018 har kjøpt seg eigen bustad. Samla er det lånt ut 54,9 mill. kroner (51,5 mill. kroner i 2017) i Startlån ved årsskiftet. Årsaken til at auken i samla utlån er vesentleg mindre enn nye utlån i året, er at det for eksisterande lån skjer endringar ved at tidlegare utlån blir innløyst utover ordinære innbetalingsplanar.

Balanserekneskapet

Anleggsmidlar

Kommunens anleggsmidlar ved årsskiftet var 2,923 mrd. kr. mot 2,692 mrd. kr. ved regnskapet for 2017. Pensjonsmidlar i KLP utgjer av desse 1 047 mill. kr ved årsskiftet. I anleggsmidlane ligg i hovudsak elles bokførte verdiar av kommunens eigedomar primært bygg. Samla er det bokført ein verdi på 1,711 mrd. kr. i faste eigedomar, anlegg og utstyr (1,576 mrd. kr. i 2017).

Aksjekapital i ulike selskap er på 75,9 mill. kroner, herav Haugaland Kraft på 19,6 mill. kroner, KLP på 23,5 mill. kroner, Aksdal Næringspark på 8 mill. kroner og Haugaland Næringspark på 20,6 mill. kroner. Stor endring i 2018 skuldast at deler av ansvarleg lån i Haugaland Kraft, er nytta til aksjekjøp i nye Haugaland Næringspark A/S.

Omløpsmidlar

Kommunens omløpsmidlar ved årsskiftet er på 601,5 mill. kroner mot 461 mill. kroner i 2017. Auken frå 2017 er svært sterkt, slik auken også var sterkt frå 2016 til 2017, og gjev uttrykk for at kommunen sin likviditet er særskilt god. Under omløpsmidlar ligg også plasserte midlar i bankobligasjonar på 105,9 mill. kroner, desse er svært likvide. Vidare utgjer dei kortsliktige fordingane 101,5 mill. kroner (82,6

mill. kroner i 2017). Bankinnskota ved årsskiftet er 358 mill. kroner (287 mill. kroner i 2017); likviditeten er blitt vesentleg sterkare.

Kortsiktig gjeld

Samla kortsiktig gjeld er på 164,5 mill. kroner, mot 180 mill. kroner i 2017. Tyngda av kortsiktig gjeld er avsette feriepengar til utbetaling i 2019 på 67 mill. kroner, skattekrav på 38 mill. kroner, påløpte renter lån på 9,5 mill. kroner og gjeld til leverandører av varer og tenester på 40 mill. kroner.

Langsiktig gjeld

Kommunen si lånegjeld ved årsskiftet er 1 199 mill. kroner, tilsvarende i 2017 var 1 058 mill. kroner.

Auka lånegjeld er på 141 mill. kroner; av denne auken utgjer 16 mill. kroner avsette, men ikkje betalte avdrag i rekneskap 2017; reell auke i lånegjeld er 125 mill. kroner. Auken elles har sin hovudårsak i budsjetterte låneopptak til gjennomføring av vedtekne investeringar til vatn og kloakk. Lånegjelda blir målt i høve til samla driftsinntekter i kommunar – dette skal gjenspegle vår evne til å betala avdrag og renter som konsekvens av lånegjelta. Ved årsskiftet er lånegjeld i % av samla driftsinntekter inklusiv renteinntekter (1085 mill. kroner) på 110,5% (102,5 % pr. 1/1-2018). I vår lånegjeld ved årsskiftet ligg 40 mill. kroner tatt opp som lån i 2018, som skal nyttast til forskuttering av veganlegg i Aksdal. Dette bidrar til auke av gjeldsgraden.

Den handlingsregelen som kommunestyret har vedtatt dei siste åra – den reelle lånegjeldsdelen i % av samla driftsinntekter på det kommunen sjølv må dekka skal vera stabilt – er det heilt sentralt for kommunen å oppnå i åra framover. Renteeksponert gjeld = det kommunen må dekka inn med eigne midlar er ved årsskiftet på rundt 650 mill. kroner. Det inneber at rundt 550 mill. kroner blir heilt (både renter og avdrag) eller delvis (renter) føresett dekka av andre gjennom gebyr vatn og kloakk (grunnlag 380 mill. kroner), skuleutbygging (40 mill. kroner), omsorgsutbygging (25 mill. kroner), Meny-bygget og Palmehagen (40 mill. kroner), kyrkjene (4 mill. kroner), investeringar finansiert med startlån i Husbanken (82 mill. kroner).

Under langsiktig gjeld ligg og våre pensjonsforpliktingar i KLP. Dette er midlar vi skuldar tidlegare og noverande tilsette i framtidig pensjon. Dette utgjer 1 227 mill. kroner, og blir å sjå opp mot våre pensjonsmidlar i KLP på 1047 mill. kroner. Dette gjev årlege utslag på driftssida på pensjonsutgiftene.

Eigenkapital

Samla eigenkapital er 933 mill. kroner (733 mill. kroner i 2017). I eigenkapitalen ligger alle fonda til kommunen og årets rekneskapsmessige overskott på 53,6 mill. kroner. Samla fond er på 288 mill. kroner mot 178 mill. kroner i 2017. Ubundne fond (kommunestyret kan gjera vedtak om bruk, eller endra føremål i høve til tidlegare vedtak), utgjer 273 mill. kroner, av dette utgjer avsetjing til sikringsfond egedomsskatt 55 mill. kroner, og sikringsfond renteutvikling 15 mill. kroner. I samla fond ligg også første avsetjing til sentrumsutviklingsfond Aksdal på 21,3 mill. kroner og investerings- og utviklingsfond på 31 mill. kroner.


Samla økonomisk situasjon for Tysvær

Resultatutviklinga har vore svært positiv over tid, frå eit reelt driftsunderskott i 2007 på 6,9 mill. kroner (etter frådrag av momskompensasjon investeringar), til eit gradvis betra resultat, og opp til heile 114,2 mill. kroner (95,1 mill. kroner i økonomisk oversikt som ikke har med seg fondsbruk og fondsavsetjingar på resultatområda). Tilsvarende tal i 2016 var 99,1 (88,7) mill. kroner. Driftsmarginen er på 10,5 (8,8 %).

Dette er eit resultat av stor vekst i egedomsskatteinntekter gjennom desse åra, og i dei siste åra også eit svært positivt rentebilete, men også svært viktig for resultatet er eit godt og systematisk arbeid med omstilling og sparling i tenestene over lang tid.

Det er arbeidd med å finna varige omstillingar i drifta og samstundes sikre best muleg kvalitet innanfor tilgjengelege ressursar. Det er gjort ein stor jobb i tenestene både med godt nok standardar

og med å finne meir kostnadseffektive måtar å levere fortsatt gode tenester på. Figuren nedanfor illustrerer Tysvær sin utvikling sett mot landet frå innsparringsarbeidet blei starta opp i 2012 til rekneskap 2018. Figuren viser korleis Tysvær sin netto utgiftsutvikling har vore målt mot Landet i direkte utgifter. Figuren viser at Tysvær sine utgifter låg 119,9 % over landet i 2011, og er no på rundt 110 % av landet. Utgiftsutvikling frå 2017 til 2018 viser at Landet har auka klart høgare enn Tysvær, og der spesielt pleie og omsorg har hatt redusert vekst.



Kommunestyret har presisert at pengebruken framleis skal vere nøktern og ikkje minst berekraftig på lang sikt. Det betyr at vi må bruke det store handlingsrommet vi nå har i økonomien vår klokt, til å rigge Tysvær kommune for framtida, og eit inntektsgrunnlag som vi ikkje kan rekne med blir like godt som i dag. Dette ser vi klart av vedtatt økonomiplan 2019 – 2022.

Det er svært viktig for rådmannen å understreka igjen den store usikkerhetsfaktoren som ligg i at det ligg føre klage på siste omtaksering eigedomsskatt frå dei to store skattytarane, Equinor og Statoil. Her må det pårekna rettssaker. Deler av dei inntektene som nå gjev historisk gode resultat i åra 2016 - 2018, må difor setjast av til fond i påvente av endeleg avklaring, truleg i rettsapparatet. Det kan ta tid før dette er klart.


Rekneskapen skal handsamast av kommunestyret i juni 2019. I rekneskapssaka vil rådmannen i hovudsak tilrå avsettning av årsoverskotet til disposisjonsfond og/eller investerings- og utviklingsfond. Det vil også bli vurdert om konkrete drifts- og investeringsprosjekter skal tilførast midlar.

Sjukefråver

Gjennomsnittlig årlig sykefravær i Tysvær kommune 2010 – 2018

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Mål
Utvikling sjukefråver i prosent	7	6,9	7,8	8,0	7,8	8,3	7,3	9,38	8,7	6,8

Gjennomsnittlig årlig sjukefråver i Tysvær kommune 2010 – 2018




Figurane viser oversikt over det gjennomsnittlige sjukefråveret i heile organisasjonen frå 2010 til og med 2018. Gjennomsnittlig sjukefråver i 2018 var på 8,87 %, ein reduksjon på 0,65 prosentpoeng og 7 % ned frå 2017.

Sjukefråversmålet for perioden 2017 – 2018 var på 6,8 %. Sjukefråveret i 2018 er nærmare målsetningen enn 2017-tallene, men vi ligg framleis 2,07 prosentpoeng, eller nesten 30 % over målet. I 2017 var tilsvarende tall 38 % over målet.

Sjukefråver pr. år, resultatområder og stab, 2015 – 2018

Område	Sykefravær i prosent av tilgjengelig arbeidstid				Endringer	
	2015	2016	2017	2018	Endring i prosentpoeng 2017-2018	Endring i prosent 2017 - 2018
Totalt	8,3	7,3	9,38	8,74	0,64	6,8 %
Aktivitet og omsorg	11,3	7,4	9,56	9,44	0,12	1,3 %
Barnehage	12,3	10,2	15,22	11,68	3,54	23,3 %
Helse og forebygging	8,6	9,1	10,62	8,81	1,81	17,0 %
Kultur	5,2	3,4	9,34	5,08	4,26	45,6 %
Rådmannens stab	8,2	6,2	4,49	5,18	-0,69	-15,4 %
Skole	5,4	5,6	6,4	7,15	-0,75	-11,7 %
Teknisk	5,5	6,2	8,86	10,56	-1,7	-19,2 %

Sjukefråver pr. år resultatområder og stab, 2015 – 2018



Likestilling og diskriminering


Tysvær kommune har likestilling, likebehandling og antidiskriminering som viktige prinsipp. Tysvær kommune sin organisasjonspolitikk understrekar at likestilling handlar om like vilkår og potensiale uavhengig av kjønn, etnisk identitet, religion, sosial status, seksuell legning, alder og funksjonsnivå. I dei lønnspolitiske retningslinjene for Tysvær kommune står det at lønnspolitikken skal syte for likestilling mellom kvinner og menn i tråd med gjeldande avtalar, jf. HA §7 og HTA kap.3.2 og Lov om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringsloven) §34.

Likestilling handlar mellom anna om å ha ein jobb å leva av. Det er oftast kvinner som arbeider deltid, og som har ein uforutsigbar og utrygg økonomisk situasjon der ein ikkje har dei same mulighetene som dei som jobbar heiltid.

Tysvær kommune er deltakar i *Nytt blikk! Læringsnettverk for å skape heiltidskultur*. Prosjektet er i regi av KS – Rogaland der fleire kommunar deltek. Målet med prosjektet er å ha fokus på heiltidskultur for å auka andelen heile stillingar. Kommunestyret vedtok 12.02.2019 at Tysvær kommune skal ha gjennomsnittleg 80% gjennomsnittleg stillingsstørrelse innan 2022. I tabellen her ser ein status for Tysvær kommune. Denne viser at ein har ein lang veg å gå for å oppnå heiltid.

2018	Ant. Ans.	Ant. Heltids-stillinger	Andel heltids- stillinger	Gj.snittlig stillings- størrelse
Administrasjon	51	34	67 %	79 %
Skole	309	181	59 %	65 %
Barnehage	165	100	61 %	76 %
Aktivitet og Omsorg	245	55	22 %	62 %
Helse og forebygging	253	123	49 %	66 %
Teknisk	95	57	60 %	72 %
Kultur	65	11	17 %	42 %
Totalt	1 183	561	47 %	66 %

Bemanning i Tysvær kommune 2018



Når det gjeld universell utforming har alle resultatområde ansvar for dette utifra tenesta sitt lovverk. Dette gjeld i både planarbeid og i tenesteproduksjon. Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne har uttalerett i saker som har med universell utforming og gjera, og kan påpeika manglar og behov.

Internkontroll

Kommunen innførte elektronisk internkontroll i 2013. Systemet heter Risk Manager og er det same systemet som fleire av kommunane på Haugalandet har. Internkontrollen er rådmannens sitt verktøy for å oppfylla krav i samsvar med kommunelovens bestemmelser i § 23:

"Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser, og at den er gjenstand for betryggende kontroll".

I kvalitetshandboka står det at «*Målet med kvalitetssystemet er at alle medarbeidrarar skal kunne utføre sine arbeidsoppgaver i henhold til avtalt nivå, metode, standard og kvalitet*».

Tysvær kommune har i løpet av 2018 innført avviksmodulen i heile organisasjonen, og det blir arbeidd godt med dokumentmodulen i heile organisasjonen.

Etikk

Tysvær kommune har etisk reglement som er gjeldande både for politikarar og tilsette. Reglementet blei revidert og vedteke i kommunestyre i 2014.

Etiske retningslinjer er eit hjelpemiddel for dei tilsette når dei er på jobb, og for dei folkevalde i utøvinga av vervet sitt. Dei bygger på gjeldande lover og forskrifter, og kjem ikkje i tillegg. Formålet med Tysvær kommune sine etiske retningslinjer er å sikra god etisk praksis og definera felles standard for tilsette og folkevalde i Tysvær kommune. Som forvaltarar av samfunnets fellessgoder, og utøving av makt og myndighet blir det stilt spesielt høge krav til folkevalde og tilsette. Derfor skal retningslinjene skal bevisstgjera og oppfordra til etisk refleksjon. Det står i retningslinjene at det skal sikrast god etisk refleksjonskompetanse på alle nivå i kommunen.

I resultatområde Aktivitet og omsorg er alle leiarane pålagt etikkrettleiarkurs. Det er jamnlege refleksjonsgrupper i alle avdelingar i denne tenesta. Det blir gjennomført etisk refleksjon i andre tenester også. Det vil vera nødvendig å innføra systematisk etisk refleksjon som ein del av drifta i alle tenester. Nye politikarar har etisk reglement som ein del av politikaropplæringa.

I Tysvær kommune sine medarbeidarverdilar er ein av verdiane OPEN.

Med OPEN meiner vi at leiarar og medarbeidrarar ...

- bidrar til gjennomsiktige og opne prosessar
- er serviceorienterte og profesjonelle i møte med andre
- søker og deler relevant informasjon og kunnskap for å sikre gode prosessar
- bygger ein kultur der vi er ærlege med kvarandre

Denne medarbeidarverdien og dei andre; RAUS, MODIG og ANSVARLEG bygger opp under det etiske reglementet. Det blir jobba med medarbeidarverdiane på alle nivå i kommunen.

Aksdal 29/3-19

Sigurd Eikje
Rådmann

Tor Leif Helgesen
Økonomisjef

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	21.05.19	8/19
Kommunestyret	18.06.19	
Saksansvarleg: Toril Hallsjø	Arkivkode: 216	Arkivsak:

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «ØKONONOMISTYRING»

Vedlegg: Rådmannen si tilbakemelding 13.05.19 på rapport «Økonomistyring» fra 2018
 Rådmannens si uttale til rapporten

Saksorientering

Tysvær kommunestyre vedtok samråystes i møtet 06.02.19, sak 16/18 følgjande:

1. *Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «økonomistyring» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Det var stilt opp følgande problemstillingar:

1. *I kva grad har Tysvær kommune identifisert og analysert risiko for framtidige inntektsendringar og vurdert risikoreduserande tiltak?*
 - a. *Er risikoanalysane tilfredsstillande gjennomført?*
 - b. *Er vurdert sannsyn og konsekvens for framtidige inntektsendringar realistisk?*
 - c. *Er avgjerslegrunnlaget for framtidige inntektsendringar tilfredsstillande?*
2. *Korleis arbeider Tysvær kommune med innsparingsvedtaket?*
 - a. *Kva er konsekvensane av dei innsparingane som er gjort hittil?*
 - b. *Er det etablert relevante tiltak for å gjennomføre uteståande innsparingar?*
 - c. *Kva er moglege konsekvensar av dei innsparingane som er planlagt?*
3. *Korleis vert økonomien påverka av kommunen si organisering av tenester og tilsette?*
 - a. *Kva vurderingar har kommunen gjort av samanhengen mellom organisering og økonomi?*
 - b. *Samanlikna med andre kommunar, på kva område avvik Tysvær kommune negativt i høve kostnadseffektiv drift?*
 - i. *Korleis skil Tysvær kommune si organisering seg frå andre kommunar med meir kostnadseffektiv drift?*

I rapporten blei det sett nærmere på Tysvær kommunes ressursbruk innan helse og omsorg, grunnskuleopplæring, barnehage og administrasjon og styring. Utgiftene blei samanlikna med KOSTRAgruppe 12 og landsgjennomsnitt. Det blei også valt ut enkelte indikatorar innanfor pleie og omsorg for å synleggjere kva som kan vere kostnadsdrivande for kommunen. I tillegg samanlikna revisjonen Tysvær med Lindås kommune. Dei meinte den er ein relevant samanlikningskommune basert på innbyggjartal, kommunens areal og forventa folkevekst. Dei inkluderte vidare nabokommunane Vindafjord, Kvinnherad og Bømlo.

Revisor sine vurderingar

Revisjonen tilrådde at kommunen etablerer større grad av systematikk i gjennomføringa av innsparingsvedtaket:

- ✓ *Større grad av systematikk i å identifisere, følgje opp og evaluere innsparings- og omstillingstiltak.*
- ✓ *I større grad gjennomføre årsaksanalyser som forklar kva som er kostnadsdrivande for deira tenester.*
- ✓ *I større grad gjere konsekvensanalyser ved val av tiltak.*
- ✓ *Syta for at dei valde tiltaka vert evaluert i høve til effekt.*

Tilbakemelding

Rådmannen har nå i brev dagsett 13.05.19 gjeve tilbakemelding på status for oppfølging av rapport og korleis tilrådingane er følgt opp eller er tenkt følgt opp.:

Kommunestyret vedtok forvaltningsrapport om økonomistyring i sitt møte 6. februar 2018. Kommunestyret vedtok i punkt 2 i vedtaket at rapporten blir oversendt rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.

Rådmannen har i sin tilbakemelding til kommunestyret tatt utgangspunkt i kommunestyrets vedtak punkt 2 som gjeld dei tilrådingar som er gjort der for vidare arbeid. Rådmannen viser også til det tilsvart til rapporten frå rådmannen som lå ved då kommunestyret handsama forvaltningsrapport Økonomistyring i nemnde kommunestyremøte.

Rapporten økonomistyring har 4 tilrådingspunkter:

Vi vil tilrå at kommunen etablerer større grad av systematikk i gjennomføring av innsparingsvedtaket:

- ❖ *Større grad av systematikk i å identifisere, følgje opp og evaluere innsparinga og omstillingstiltak.*
- ❖ *I større grad gjennomføre årsaksanalyser som forklarer kva som er kostnadsdrivande for deira tenester.*
- ❖ *I større grad gjere konsekvensanalyser ved val av tiltak.*
- ❖ *Syta for at dei valde tiltaka vert evaluert i høve til effekt.*

Rådmannen vurderer at dette er generelle punkter som heng saman og vel å gi eit oppfylgjande samla svar med bakgrunn i dette.

Summert opp går tilrådingane ut på større grad av systematikk med å identifisere, følge opp og evaluere innsparingstiltak. Rådmannen gav i sitt tilsvarende tilbakemelding på nettopp det punkt som rapporten gjev som tilråding. I sitt tilsvarende tilbakemelding på nettopp det punkt som rapporten gjev som tilråding. I sitt tilsvarende tilbakemelding på nettopp det punkt som rapporten gjev som tilråding. I sitt tilsvarende tilbakemelding på nettopp det punkt som rapporten gjev som tilråding. I sitt tilsvarende tilbakemelding på nettopp det punkt som rapporten gjev som tilråding.

Rådmannen la i kommunestyret i mai 2019 fram eit utfordringsdokument. I dette omtala kommunen resultatet av gjennomført innsparing:



Grafen tar utgangspunkt i 2011, året før start av innsparingsprogrammet i kommunen med samla mål på innsparing på 58 mill. kroner. Den blå linja viser kommunens vekst i netto driftsutgifter i %, der altså 2011 er sett til 100. Frå 2011 til 2018 har Tysvær økt sine netto driftsutgifter med 21,3 %. Den rauda linja viser Landet sin utvikling i tilsvarande periode med en vekst på 30,6 %. Tysvær sine driftsutgifter har da vaksen, men vesentlig mindre enn Landet. Den grøne linja viser Tysvær sine driftsutgifter utifra kommunens behov for tenester utifra samansetjinga av befolkninga 2011 låg Tysvær 19,9 % over Landet på denne indikatoren; det var ein rask betring dvs. nærmare Landets bruk av midlar på tenesteyting de neste 2 årene, og deretter relativt stabilt nivå til og med 2017. For 2018 ser vi utifra dei foreløpige Kostra-tall pr. 15/3-2019 ein markant nedgang igjen til nå 10,2 % over landet.

Gjennomgangen her syner at det er gjort mykje arbeid med stor effekt økonomisk. Det er eit relativt stramt innsparingsprogram som det er lagt ned mykje arbeid i tenestene for å innfri. Og som kommunen nå er midt i. Rådmannen har vore heilt tydeleg på at større strukturelle grep må vurderast som konsekvens av nye plangjennomgangar.

Det er ein pågående prosess å ta dette innsparingsarbeidet vidare. Det er som initiert tre store plan -gjennomgangar framover; barnehagebruksplan, skulebruksplan og morgendagens omsorg. Analyser viser at desse områda står for nær 50 mill. kroner av kommunens meirforbruk til tenester i forhold til landet (utgjer nå 78 mill. kroner over landet). Desse plangjennomgangane vil heilt klart ha som utgangspunkt også å identifisere kva som gjer at kommunen ligg der vi ligg, og kunna analysera årsaker på kva som er kostnadsdrivarane for tenestene. Desse rapportane vil vera dei mest sentrale i vidare arbeid. Tiltak som konsekvens av funn i rapportane må klart vurderast i høve til konsekvens, og evaluerast i etterkant i forhold til effekt. Rådmannens hovudsvar på dei tilrådingane som er gjort i rapporten økonomistyring er at alle desse punkta er viktig blir omsynteke når dei største områda nå blir gjennomgått. På det største området pleie og omsorg, som utgjer 35 mill. kroner av samla meirforbruk målt inn mot gjennomsnitt i landet, har kommunen bistand frå Agenda Kaupang i arbeidet. Sentralt her er nettopp identifisering av kostnadsdrivarane for tenestene.

Vi har nettopp gjennomført ein omorganisering av drifta på butiltaka. På dette området er det gjennom eigne rapportar identifisert kva kostnadsdrivarane er; det er gjort store bygningsmessige og driftsmessige tiltak som konsekvens av identifiserte kostnadsdrivarar. Iverksetjing skjer frå mars 2019. Tiltaka er vurdert i forhold til konsekvens for tenestene, men først etter ei tid vil resultat kunne målast. Dette er eit stort område, og effekt av tiltaka skal løpende vurderast og rapporterast på.

Dei årlege analysane som blir gjort med bakgrunn i Kostra-tall er under utvikling, med mål om meir analyse av resultat enn rein rapportering på status. Målet er at desse skal utviklast til meir å seia kvifor vi ser ut til å liggja der vi gjer, meir enn rein observasjon av kor vi er.

Kommunen tek i bruk nytt økonomi- og styringsverktøy frå budsjettet 2020. Dette verktøyet vil bidra i større grad til meir gjennomgående rapportering og analyse av verksemda, og kunna rapportera konkret på tiltak som til dømes er skissert som innsparingstiltak systematisk gjennom tertialrapportering og årsmelding.

Rådmannen ser dei tilrådingane som forvaltningsrapporten skisserer som konstruktive og gode innspel, som rådmannen tek med seg inn i det vidare arbeidet med innsparingsområdet.

Sekretariatet sine kommentarar

I følgje kontrollutvalsforskriften med merknader, ligg det til kontrollutvalget å sjå til at rådmannen følgjer opp forvaltningsrevisjonsrapportar. Dette skal sikre at kontroll og tilsyn får effekt og bidrar til forbeteringar. Utvalet skal gje rapport til kommunestyret korleis merknadene er fulgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheiter i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgd opp på ein tilfredsstillande måte.

Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterer om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Sekretariatet meiner rådmannen i denne saka har gjeve ei god tilbakemelding og tilrådingane er det tatt tak i gjennom nye rutinar, og forbetingstiltak er sett i verk.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Tysvær kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av KPMG sin rapport «Økonomistyring» til orientering.

Aksdal, 14.05.19

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	21.05.19	9/19
Kommunestyret	18.06.19	
Saksansvarleg: Toril Hallsjø	Arkivkode: 216	Arkivsak:

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «INVESTERINGAR - AVGJERSGRUNNLAG OG STYRING»

Saksorientering

Tysvær kommunestyre vedtok samråystes i møtet 25.09.18, sak 54/18 følgjande:

1. *Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Investeringar- avgjersgrunnlag og styring » og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Føremålet med revisjonen var å sjå etter at kommunen har tilstrekkeleg styring med investeringsprosjekt, retta mot avgjerdsgrunnlag for investeringsprosjekt og innleiande fasar av prosjekt. Revisjonen undersøkte både kommunen sin systemtilnærming/rutinar og kommunen sin praksis.

Det var stilt opp følgande problemstillingar:

1. *Kva har vore større investeringar (over 2 mill. kr) i Tysvær kommune dei siste fem år og kva større investeringar er planlagd dei komande år?*
2. *I kva grad har kommunen tilfredsstillande rutinar og prosedyrar for styring av investeringsprosjekt i tidlege fasar?*
Herunder vil vi undersøke:

- a. *Roller og ansvar.*

Korleis er kommunen si styring av større investeringsprosjekt organisert?

- b. *Avklaring av behov og val av konsept.*

Herunder, i kva grad har kommunen rutinar og prosedyrar for

- i. *å utarbeide klare mandat for konseptfasen?*

- ii. *å utarbeide utgreiing av alternative konsept og grunngjeving for val om det konseptet som er best egna til å tilfredsstille eit definert behov?*

- iii. å skildre kva som skal til for at prosjektet blir ein suksess, og kva for usikkerheiter som er knytt til prosjektet?
- iv. å utarbeide styringsdokumentasjon som prosjektforslag, prosjektgrunngjeving og faseplan for planleggingsfasen?
- v. å vurdere om prosjektforslaget understøtter måla til kommunen og avgjere om planleggingsfasen kan starte?

c. Planlegging av overordna styring av prosjektet.

Herunder, i kva grad har kommunen rutinar og prosedyrar for:

- i. å oppdatere prosjektgrunngjevinga?
- ii. å utarbeida styringsdokument med oversikt over alle sentrale forhold i prosjektet (som overordna rammer, gjennomføringsstrategi og prosjektplan)?
- iii. å utarbeide gevinstrealiseringsplan?
- iv. å utarbeide faseplan for gjennomføring?
- v. å avgjere om styringsdokumentasjonen frå planleggingsfasen gir tilstrekkeleg grunnlag til å avgjere oppstart av gjennomføringsfasen?

3. I kva grad har kommunen ei praktisk styring av investeringsprosjekt som er i samsvar med

- a. eigne rutinar, prosedyrar og vedtak?

- b. god praksis for prosjektstyring?

Revisor sine vurderinger

Revisor kom med følgjande tilrådingar:

- ✓ *Kommunen bør utarbeide og oppdatere sine rutinar og prosedyrar for styring av investeringsprosjekt for å sikre at dei er i samsvar med god praksis. Vi vurderer at kommunen har eit forbetringspotensiale i høve å:*
 - definere kva som inngår i prosjekteigarrolla, herunder spesielt tydeleggjere kva for rolle prosjekteigar og eventuelt styringsgruppe har som avgjerdstakar,
 - sikre felles omgrep i kommunen sin arbeidsmodell for gjennomføring av investeringsprosjekt,
 - skildre rutinar og prosessar for konsept- og planleggingsfasen i samsvar med god praksis for prosjektstyring (dette er utgreia i sin heilskap i vurderingane),
 - sikre større grad av evaluering og læring frå gjennomførte prosjekt som vert nytta inn i planlegginga av nye prosjekt.
- ✓ *Kommunen bør i si planlegging av prosjekta sikre at eigne rutinar vert etterlevd når det gjeld å beregne og vurdere framtidige drifts- og vedlikehaldskostnadars som følge av prosjektet*

Tilbakemelding

Rådmannen har nå i oversending, mottatt 14.05.19, gjeve tilbakemelding på status for oppfølging av rapport og korleis tilrådingane er følgt opp eller er tenkt følgt opp:

Kommunen var ikke i en endring av arbeidet med organiseringen og gjennomføring av prosjekter da forvaltningsrevisjonen ble gjennomført, noe som resulterte i at ikke alle rutiner og sjekklistene var på plass på det gjeldende tidspunktet.

Når det gjelder arbeidet med prosjektstyring og ansvaret mellom prosjekteier og prosjektkontoret har det blitt gjennomført følgende:

- definere hva som inngår i prosjektstyringsrollen, herunder spesielt tydeliggjøre hvilken rolle prosjekteier og eventuelt styringsgruppen har i forhold til beslutnings myndighet,

Planavdelingen og prosjektkontoret har utarbeidet en modell for prosjektstyring og en fasesjekkliste i tråd med prosjektportalen¹. Det er utarbeidet en gjennomføring av investeringsprosjekt hvor hvert enkelt gjennomføringspunkt har fått definert hvilken rolle som har ansvar for gjennomføringen. Planavdelingen representerer som oftest prosjekteier i investeringsprosjekter.

Alle investeringsprosjekter skal ha et mandat som blir behandlet og vedtatt av styringsgruppen før prosjektavdelingen tar på seg oppdraget. Prosjektet forholder seg til mandatet i prosjektperioden. Dersom det oppstår behov som ikke er beskrevet i mandatet, er det styringsgruppen som må vedta disse endringene. Endringene skal skrives inn i et revidert mandat som skal overleveres til prosjektavdelingen.

- sikre felles begrep i kommunen sin arbeidsmodell for gjennomføring av investeringsprosjekt,

I arbeidet med utarbeidelse av fasesjekkliste har arbeidsgruppen bestående av planavdelingen og prosjektkontoret utarbeidet en fellesforståelse for innholdet i de forskjellige begrepene og hvilken betydning det har for prosjektstyringen. Tysvær kommune bruker de fasene som er definert i prosjektportalen i investeringsprosjekter. Her der det tydelig beskrevet hvem som til enhver tid har ansvaret. Underveis i prosjektene er det lagt opp til beslutningspunkter (styringsgruppen tar beslutninger) og behov for politiske saker. Etter hver fase skal det vurderes om en skal gå videre med prosjektet.

- beskrive rutiner og prosesser for konsept- og planleggingsfasen i forhold til god praksis for prosjektstyring,

Det er utarbeidet rutiner som ligger i kvalitetssystemet. Rutinene blir linket opp mot fasesjekklisten.

¹ Prosjektportalen er en fullstendig løsning for prosjekt- og porteføljestyring. Portalen er basert på DIFIs Projektveiviser og er spesielt tilrettelagt for norske forhold. Løsningen egner seg godt både for offentlig og privat sektor.

TYSVÆR KOMMUNE

Saksframlegg

- sikre større grad av evaluering og læring fra gjennomførte prosjekter som blir benyttet inn i planleggingen av nye prosjekter.

Tysvær kommune har tatt i bruk DIFI sin sluttrapport. Sluttrapporten er et ledelsesprodukt som lages under avslutningen av et prosjekt og dokumenterer hvordan prosjektet har gått. Denne rapporten er blitt tatt i bruk i Stegaberg og Stølsberg prosjektene. Gjennomføring av prosjektet blir løpende korrigert basert på de erfaringene planavdelingen og prosjektkontoret tilegner seg i prosjektene knyttet til prosjektstyring.

- Kommunen bør i sin planlegging av prosjekter sikre at egne rutiner blir fulgt når det gjelder å beregne og vurdere fremtidige drifts- og vedlikeholdskostnader som følge av prosjektet

I forbindelse med innføring av nytt økonomisystem – Framsikt - fra og med budsjettet for 2020 vil framtidige forvaltning, drift og vedlikeholdskostnader (FDV-kostnader) bli beregnet og lagt inn i budsjettet tidlig i prosjektet.

Kommunen jobber nå med innføringen av Office 365. I den sammenheng vil en flytte prosjektopportalen ut i sky. Dette vil medføre at det vil bli mye lettere for eksterne aktører å knytte seg til prosjektopportalen, og vil medføre en bedre prosjektflyt.

Sekretariatet sine kommentarer

I følgje kontrollutvalsforskriften med merknader, legg det til kontrollutvalget å sjå til at rådmannen følger opp forvaltningsrevisjonsrapportar. Dette skal sikre at kontroll og tilsyn får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal gje rapport til kommunestyret korleis merknadene er fulgt opp.

Det legg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheiter i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgd opp på ein tilfredsstillande måte.

Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterer om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

